

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Dato	03.06.2022
Vår referanse	2022/41167-4
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Lillian Bakke Byrknes
E-post	Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no
Telefon	45638702

Uttale - Dispensasjonssøknad - tilbygg, levegg og kai - gnr 467 bnr 13 - Namtveit - Alver kommune

Vi viser til førespurnad frå Alver kommune om uttale til dispensasjonssøknad, datert 08.05.2022. Det er søkt om oppføring av tilbygg i form av nye terrasser, levegg for hytte, støyvoll og utviding av kai til naust på eigedomen.

Planstatus

Eigedomen er uregulert og ligg i område definert som LNF-føremål innanfor kommuneplanen sin arealdel for Radøy.

Uttale

Vi fekk inn nabovarsel i mars om desse tiltaka kor vi svara at vi må få inn søknad om dispensasjon frå byggegrensa, og kommunen har skrevet at søknad skal sendast direkte til Vestland fylkeskommune. Vi har ikkje motteke søknaden om dispensasjon, men vi vil handsame søknad når vi får den.

Det er opplyst om at det gjeld å legalisere av tiltaka då dei allereie er etablerte, men det manglar opplysingar om når dei er utførte.

Det vi er mest kritisk til er siktssona som er teikna inn på situasjonsplanen. Det er teikna inn 4 x 20 meter, som er for lite og vi lurar på kva som er lagt til grunn for dette. Det må vera 4 x 60 meter. Og då kan det hende delar av jordvollen vert liggande i siktssona og må fjernast. Situasjonsplanen viser heller ikkje avstand frå tilbygga til vegmidte, så dette må leggast til før vi får inn søknaden.

Vi ber om at situasjonsplan for tiltaka vert revidert før vi får den tilsendt saman med søknad om dispensasjon frå byggegrensa. Vi ber og om å få saka tilsendt når ho er handsama av kommunen.

Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør
INV - Forvaltning Bergensområdet

Lillian Bakke Byrknes
rådgjevar
INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift